

# ALARMPLAN

1. Få den forulukka i land og start opplivingsforsøk
2. Tilkall lege og ambulanse: **113**
3. Ha ansvar for den forulukka inntil fagpersonar kjem
4. Dersom mogeleg tilkall ekstra vaksne



## Alarmplan for Læg Reid skule

### **A. Generelt**

1. Føresetnad for alarmplanen: Sjå tryggingsreglane.
2. Den som er hovudbadevakt/hovudlærer blir heretter kalla "tilsynsperson".
3. Ved ulykker skal tilsynsperson leia redningsaksjonen til kvalifisert helsepersonell tek over.
4. Alle som underviser, leiar eller har tilsyn med aktivitetane i symjebassenget pliktar å lære alarmplanen.
5. Det skal alltid vera minst ein vaksen med livredningskurs til stade.

### **B. Ulykker**

1. Tilsynsperson kjem straks til bassengkanten, får oversikt, og vel sikraste og raskaste redningsmoglegheit for å få pasienten på land. Dersom andre enn tilsynsperson oppdagar at ein person er i fare, varslar ein den tilsynspersonen straks.
2. Tilsynsperson set straks i gang med undersøking av pasienten. Om pasienten er bevisstlaus og pustar: legg han straks i sideleie.
3. Om pasienten ikkje pustar, set straks i gang med livreddande oppliving **HLR** til ambulanse/helsepersonell er på plass. Tilsynsperson ser til at det vert ringt medisinsk nødtelefon **113**.
4. Om det er naudsynt, må tilsynsperson få nokon til å henta medisinsk utstyr.
5. Ein person tek ansvar for resten av gruppa, få dei ut av bassenget.
6. Ein person ventar på ambulanse/helsepersonell ute og viser raskaste veg fram til pasienten.
7. I skuletida må administrasjonen bli varsla så snart som råd er.
8. Administrasjonen varslar føresette.

### **C. Etter ulykka**

1. Tilsynsperson skriv rapport om ulukka.
2. Dei tilsynspersonane har teieplikt, og skal ikkje svara på spørsmål frå pressa, eller gje opplysningar om tredjeperson.

# Tryggingsreglar for symjehallen

## **A. Generelt**

1. For tryggingspersonell gjeld følgjande.
  - a) Ved undervisninga i skuletida skal desse vera til stades i symjebassenget:
    - dersom elevane er symjedyktige: 1 lærar pr. klasse når klassen er under 15 elevar
    - dersom elevane ikkje er symjedyktige: 1 lærar + lærar 2/ assistent
  - b) Ved offentlig bading på ettermiddags-/ kveldstid skal følgjande vera til stades i symjebassenget:
    - Ved bading for born (maks 15 stk i bassenget) og vaksne: 1 badevakt
    - Ved familiebadning (maks 30stk i bassenget): 1 badevakt + born blir fylgt av vaksne
2. Aldersgrensa for å gå aleine i symjebassenget er frå årskullet 2014. Ein må vera starta i 6. klasse . Borna må vere symjedyktige.
3. Alle lærarar, assistentar og badevakter pliktar å læra alarmplan og tryggingsreglane for symjehallen.

## **B. Spesielt**

1. Alle dører til bassenget skal vera låste før og etter timen/offentleg bading.
2. Tilsynsperson skal vera på plass ved bassenget før undervisninga/badinga byrjar.
3. Tilsynsperson skal halde kontinuerleg tilsyn med aktiviteten i bassenget.
4. Elevar i 1. – 4. klasse vert sett på som ikkje symjedyktige.
5. Før du går i bassenget, skal heile kroppen vaskast med såpe, og etterpå skolast med vatn. Alle skal bruka badehette.

## **C. Desse reglane skal gjerast kjende for elevane:**

1. Ingen får gå ut i bassenget før det er gjeve klarsignal frå tilsynsperson.
2. Ein skal ikkje ropa og skrika i bassenget.
3. Det er forbode å springa i symjehallen!
4. Det er forbode å dytta andre ut i bassenget.
5. Det er forbode å dukka andre under vatn.
6. Det er forbode å ta andre stup enn startstup. Dette må takast på kortsida der bassenget er djupast.
7. Elevar som ikkje deltek i undervisninga, skal sitje på tilvist plass
8. Lytt til og rett deg etter tilsynsperson sine påbod.
9. Ved starten av skuleåret skal desse reglane gjennomgåast.